

# Referat Møte i Styringsgruppa Idrettscampus Bergen

---

Dato: 11.03.2019

Tid: 13-15:00

Stad: Idrettens hus 2. etg. B-lokalet

---

**Deltakrar:** Anne Gine Hestetun, Roger Valhammer, Eirin Fause Pettersen (for Gro Anita Fønnes Flaten), Helge Johnsen, Eivind Lunde, Oddrun Samdal, Eivind Hansen (frå 14:30), Pia Mørk Andreassen, Vibeke Johannesen, Frode Karlsen, Knut Songve, Morten Kristoffersen, Ola Røksund, Torhild Næss Vedeler, Frida Mathisen, Britt Karen Spjeld, Monica Håkonsli, Randi Marie B. Farnes

**Forfall:** Oddvar Johan Jensen, Randi Luise Møgster.

**Møteleiar:** Anne Gine Hestetun

## Saksliste:

- 11.1 Godkjenning av innkalling og saksliste
  - 11.2 Godkjenning av referat frå møtet 08.08.2018
  - 11.3 Rapport Idrettscampus Bergen 2018
  - 11.4 Rekneskap 2018 og budsjett 2019
  - 11.5 Vidare arbeid i organisasjonsutval og økonomiutval
  - 11.6 Årshjul, justert hovudmål og fokusområde i 2019
  - 11.7 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar Idrettscampus
  - 11.8 Signering ny avtale Bergen
  - 11.9 Eventuelt
- 

## 11.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Følgande sak vart behandla per e-post i forkant av styringsgruppemøte:

*Dagleg leiar ventar barn med termin 2. juli. Ho går derfor ut i permisjon frå og med 11. juni 2019.*

*Vedtak: Styret godkjenner vi gjennomfører ei internutlysing på eit års vikariat etter NIF's reglar og retningslinjer. Involverte i Idrettscampus Bergen får tilbodet om å søke på stillinga, og må avklare med sin leiar at dei kan ta på seg vikariatet. Deretter gjennomførast intervju m/tilsetjingsutvalet.*

Knut Songve melder inn sak til eventuelt: Prosessen kring vikariat når dagleg leiar skal ut i permisjon.

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent med endringar.

## 11.2 Godkjenning av referat frå møtet 08.08.18

*Saksunderlag: Referat Styringsgruppemøte 08.08.2018*

Vedtak: Referat godkjent

## 11.3 Rapport Idrettscampus Bergen 2018

*Saksunderlag: Rapport Idrettscampus Bergen 2018*



Vedtak: Rapport for Idrettscampus 2018 godkjennast, og distribuerast til aktuelle personar/miljø i dei ulike organisasjonane og deira nettverk, samt blir gjort tilgjengeleg på Idrettscampus si nettside.

#### **11.4 Rekneskap 2018 og budsjett 2019**

*Saksunderlag: Rekneskap 2018 og budsjett 2019*

*Dagleg leiar gjekk gjennom rekneskap og budsjett med følgande kommentarar:*

##### *Rekneskap*

*Overskot på 2 557 872kr. Dette er grunna:*

- *Overføring av 1 964 535 kr frå 2017 til 2018 pga. forskyvd oppstart.*
- *Økonomisk gjennomføring av prosjekt*
- *God innsats frå involverte i organisasjonane heldt kostnadane nede*
- *Har tatt tid å bli einige om kva prosjekt og korleis*
- *Beslutningar har latt vente på seg for å kunne sette i gang prosjekt*
- *Mangel på folk til å gjennomføre prosjekt som sitt hovedefokus*

##### *Budsjett:*

- *Budsjett basert på erfaringar frå tidlegare år, strategiarbeid og innsendte prosjektbudsjett.*
- *Lønnspost kan bli justert avhengig av kva som blir ordninga når dagleg leiar skal i permisjon.*
- *Pga. usikkerhet i framtidig økonomi budsjetterast det med eit overskot som sikrar 6 mnd drift utover 2019.*

*Kommentarar frå styringsgruppa:*

*Eivind Lunde: I første omgang fornuftig å basere oss på søknadar hos aktuelle stiftelsar, bankar og støtteordningar, og etter kvart kunne bruke meir midlar med formål om å sikre inntektserverving , ref. BTO.*

*Roger Valhammer: Meir forutsigbar drift i form av langsiktig organisering vil gjere oss meir truverdige i prosessen med å skaffe oss finansiering.*

Vedtak: Rekneskap 2018 og budsjett 2019 godkjennast.

#### **11.5 Vidare arbeid i organisasjonsutval og økonomiutval**

*Diskusjon kring kva styret ynskjer av vidare arbeid i organisasjonsutval og økonomiutval.*

*Det er einigheit om å behalde organisasjonsutvalet, og jobbe vidare.*

*Kommentar frå styreleiar: Organisasjonsform kan ikkje vere det som hindrar oss i å ta steget vidare. Då må vi finne andre gode løysingar for eksempel i form av samarbeidsavtalar.*

*Økonomiutval kan fungere som rådgivarar/døropnarar for dagleg leiar i prosess med å søke midlar hos ulike stiftingar og søknadsordningar.*

Vedtak: I løpet av 2019 skal det gjerast vedtak på tenleg organisasjonsform for vidare utvikling. I 2019 skal vi søke midlar i ulike støtteordningar.

#### **11.6 Årshjul, justert hovudmål og fokusområde 2019**

*Saksunderlag: Årshjul 2019 og utdrag frå oppsummering av strategisamling.*

Vedtak: Årshjul og fokusområde 2019 godkjennast, dato for styringsgruppemøte 2 blir 8. mai, det sendast ut forslag til endring av dato på styringsgruppemøte 3. Styringsgruppa einast om at årets styrke i samspel konferanse vert arrangert 6. eller 7. november 2019, dagleg leiar sender ut innkalling på endeleg dato.

### **11.7 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar Idrettscampus Bergen**

Dei ulike aktørane fekk anledning til å fortelje om prosessar i eigne organisasjonar.

Arbeidsgruppa blei utfordra på å jobbe vidare med:

E-sport.

Kva kan vi vere for dei eldre.

Vedtak: Teke til etterretning

### **11.8 Signering ny avtale**

*Saksunderlag: Samarbeidsavtale Idrettscampus Bergen 2019-2020*

Vedtak: Alle 8 aktørar signerte ny samarbeidsavtale for Idrettscampus Bergen som gjeld for 2019 og 2020.

### **11.9 Eventuelt**

Prosess kring ansettelse av vikar for dagleg leiar:

Knut informerte om prosess, 5 søkarar etter intern utlysing. Skal gjennomføre intervju med aktuelle kandidatar i løpet av kort tid.

Vedtak: Tilsetjingsutvalet får fullmakt til å tilsette vikar for dagleg leiar.